

TREseminaret på Dovre 2026

Er du opptatt av at skogen vår skal forvaltast slik at neste generasjon skal kunne ha nytte og glede av han? Vil du lære å lage eit tre- instrument? Er du nyfiken på korleis ei korg av spon blir til? Eller har du born som gjerne vil spikke med kniv?

TREseminaret på Hjerleid på Dovre i Gudbrandsdalen går av stabelen siste veka i april kvart år. Seminaret har sidan starten i 2005 vokse, og er i dag leiande i sitt slag innan tradisjonelt trearbeid.

TREseminaret tilbyr ei vifte av kurs innan tre og tradisjonshandverk. TREseminaret garanterer eit solid fagleg utbytte, og er ei anledning til å møte andre med same interesse. På menyen finn vi kurs i korgmaking, lyremaking, lafting, treskjering, reparasjon av pinnestolar, skog- og materiallære og restaurering av vindauge. Det blir tur til utvalde kyrkjer i Nord-Gudbrandsdalen, Gardssafari, konsert i Dovre kyrkje og mykje, mykje meir. TREseminaret har og tilpassa opplæringstilbod for born og unge. Sjå på nettsida for meir informasjon.

Fakta om seminaret:

- **Kvar og når: Hjerleid på Dovre / 20.–26. april 2026**
- **Påmelding: treseminaret.no**
- **Påmeldingsfrist kurs: 1.april (kveldsforedrag ingen påmelding – gratis)**

TREseminaret går av stabelen for 21.gong. Seminaret er i veke 17 kvart år, og held på i ei heil veke.

Nokre kurs er 6 dagar, andre berre 1 dag. Sjå på kursoversikta:

[Kurs hos Senter for Bygdekultur — Hjerleid Handverksskole](#)

Kursa blir gjennomført på dagtid. Ettermiddag og kveld tek du del på ei rekke foredrag og sosiale samver. [Kulturprogram | treseminaret](#) Lunsj og middag er inkludert i kursavgifta. Lunsjen et du på Hjerleid, middagen blir servert på Toftemo Turiststasjon, eit par kilometer nord for Hjerleid.

Barnas TREseminar og Handverksdag i Bygningshistorisk park laurdag 26. april

[Barnas Treseminar | treseminaret](#) TREseminaret har som mål å gje born og unge oppleving med handverksglede. Borna lærer å bruke kniv og andre reiskapar og spikke, smi, måle og bli kjent med trematerialar og skogen. med trematerial og skogen.



Foto: Trine Ruud Grønningen

I år skal dei få lafte ei lita løe saman med Andreas Ljones og sønnen Amund på 11 år.

Arrangørar: Hjerleid handverksskole, Hjerleid as, Dovre handverk as, Norges Husflidslag, Studieforbundet kultur og tradisjon og Gudbrandsdalsmusea.

Meir info: [HOME | treseminaret](#)